

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 29.10.2021, kl. 09:00-12:50
MØTESTAD: Scandic Sunnfjord Hotell, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Ole-Magnus Kapstad	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Eiliv Berdal	Observatør

Forfall: Ivar Eriksen, Aud Ingrid Espeland

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Øystein Hellesteth, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjørtaug, kst. fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Vidar Vie, seniorrådgjevar (sak 062)
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, styresekretær

Andre deltakarar

Pål Andre Hegland, rådgjevar/intensivsjukepleiar
Haakon Totland, internrevisor i Helse Vest

SAKLISTE

Saksnr.	Sakstittel
055/2021	Godkjenning av innkalling og dagsorden
056/2021	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 01.09.2021
057/2021	Administrerande direktør si orientering
058/2021	Rapportering frå verksemda per september 2021
059/2021	Risikostyring – rapportering 2. tertial
060/2021	Internrevisjon av økonomistyring i byggeprosjekt – rapport og handlingsplan
061/2021	Internrevisjon av tvangsbruk i psykisk helsevern – rapport og handlingsplan
062/2021	Orientering om høyringsinnspel til prehospitalet plan fase 3
063/2021	Høyring – Oppfølging av forslaga frå Tvangslovutvalet
Saker til orientering:	
064/2021	Nye Førde sjukehus - løypemelding
065/2021	Budsjett 2022 - løypemelding
066/2021	Eventuelt Skriv og meldingar

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, administrasjonen og andre deltakarar velkommen til dagens styremøte ved Scandic Sunnfjord hotell.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Pål Andre Hegland orienterte om avhandlinga som han disputerte med i januar:

"Patient-reported outcome measures in follow-up care after bariatric surgery" Klinisk tilbakemelding etter fedmekirurgi

Bakgrunn for prosjektet er at førekomst av fedme er aukande. Personar med fedme er utsatt for andre sjukdomar. Fedmekirurgi krev også at ein endrar livet sitt etter operasjon. Det er viktig at denne pasientgruppa får oppfølging. Kva er den optimale oppfølginga etter fedmekirurgi?

Det var gjennomført fire studiar.

Konklusjon:

- Eit klinisk tilbakemeldingssystem virkar eigna for bruk av oppfølginga etter fedmekirurgi
- Fornøgdsheit ved behandlingresultatet er høg
- Norse Feedback er eit verktøy for å måle psykisk helse i denne populasjonen
- Det kliniske tilbakemeldingssystemet vi har implementert treng tilpassingar

Vegen vidare er at vi jobbar vidare med postdoktor prosjekt.

Styret takk for ei interessant orientering.

Sak 055/2021 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

- Styremedlemer Eriksen og Espeland hadde meldt forfall
- Det var utsendt tre dokument til Skriv og meldingar
- Etter avslutta styremøte var det eit fellesmøte mellom styret og Brukarutvalet
- Nytt dokument utdelt til sak 063/2021, er eit tilleggsdokument til høyringsuttalen

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 056/2021 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 01.09.2021

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 01.09.2021.

Sak 057/2021 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om punkt 7, som vart flytta til sak 059 om Risikostyring. Nytt punkt 8 om venteliste MR.

Innleiing med bilde frå:

- Overrekking av kvalitetsprisen til Reidar Hjetland
- Nytt godkjent stempel som gjer sjukehuset unikt, bruken av økologiske matvarer har auka
- Norse Feedback vant Helsegrunderprisen

1. Rapportering tilsynssaker

2. Oversikt over aktuelle høyringar

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Korona – status i Helse Førde

Adm. direktør Varden orienterte om status korona i Helse Førde. Vi har no innlagt 2 pasientar.

Sist innlagt covid-19 pasient var 10. september og 19. august.

Status korona:

- Tydeleg redusert press på å analysere prøver
- Faste beredskapsmøte i Helse Førde har opphøyr, vert møte ved behov
- Rutinar knytt til korona har blitt revidert

Vi jobbar med å normalisere drift av sengepostar. Kreftavdelinga vert flytta attende til 8. etasje snarast råd, etter at pilot observasjon er ferdig. Medisinsk klinikk startar planlegging av tilbakeflytting.

Gjeldande prosedyre for testing av tilsette vart skissert.

Brev frå Helsedirektoratet vedr. arbeidsgjevar sitt ansvar og muligheitsrom overfor tilsette som ikkje ønskjer å la seg vaksinere. Fagdirektør, i samarbeid med avdelingane, skal gjennomgå avdelingane som har uvaksinerte tilsette og vurdere kva tiltak som skal settast i verk.

5. BUP-tenestene - statusrapport

Direktør Tvedt orienterte om statusrapport for psykisk helsevern barn og unge. Avvisingsprosenten i september var 30%, og vi arbeider med sikte på fortsatt reduksjon.

Det er bra utviklingstrend på ventetid. Nokre av tiltaka vi har sett inn begynner å virke. Vi jobbar med å få tilsett personell.

6. Årets Helseteknologigrunder – Norse Feedback

7. Status og gjennomgang av prosjekt legemiddel i Helse Førde

8. Venteliste MR

Adm. direktør Varden orienterte om status for MR-kapasitet i Helse Førde. Eldste MR-maskina ved FSS er demontert. Per no er tre operative MR-maskiner i helseføretaket: ved Førde sentralsjukehus, Lærdal sjukehus og Nordfjord sjukehus. Det vert noko ombygging før ny 3T MR-maskin skal inn våren 2022. Prioriterte pasientar har akseptabel ventetid.

LUKKA DEL:

Helseføretakslova § 26 a

9. Gjennomgang av hendelsesanalyse

Kst. fagdirektør Kjørlaug orienterte om ein hendelse med unaturleg dødsfall og gjennomgang av hendelsesanalyse.

Anbefalte tiltak frå fagdirektør vart skissert, med iverksetjing straks.

10. Orientering om ny hending

Kst. fagdirektør Kjørlaug orienterte om ein ny hending knytt til Nordfjord sjukehus. Arbeid med hendelsesanalyse er starta.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok orienteringane til vitende.

Sak 058/2021 Rapportering frå verksemda per september 2021

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- Det er auke i ventetid for BUP og PHV for vaksne, som i hovudsak skuldast auke i tilvisingar. Ventetid for dei som har starta behandling har blitt noko redusert, medan ventetid for ventande er tydeleg redusert
- Dette viser at arbeidet med å tilby helsehjelp til tilviste er godt i gang, og at situasjonen verkar å gå mot normalisering
- I somatikk er det i hovudsak uendra ventetid
- Fristbrot er uendra på rundt fire prosent, som er betydeleg lågare enn Helse Vest som har fristbrot på sju prosent
- Pakkeforløp kreft viser redusert måloppnåing knytt til prostatakraft, brystkreft og nyrekraft
- Det er god aktivitet innanfor somatikk og etterkoding gjer at inntektene er betre enn budsjett
- Aktivitet innanfor psykisk helsevern for vaksne var i perioden lågare enn plan for poliklinikk, men på plan for døgnopphald. For born og unge var aktiviteten betre både i forhold til døgn og poliklinikk
- Tverrfagleg spesialisert rusbehandling hadde lågare aktivitet enn plan både på døgn og poliklinikk
- Resultatet i perioden er negativt med 1,4 millionar, som er 4,2 millionar bak budsjett
- Resultatet hittil er 18,4 millionar, som er 7,1 millionar bak budsjett
- Det er stort meirforbruk på personalkostnader, som heng saman med pandemien og lønnsoppgjeret
- Sjukefråværet i august var 6,9 prosent

Kst. fagdirektør Kjølraug orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt
- Utvikling gjennomsnittleg ventetid
- Fristbrot viser 4,4%. Er aukande ved urologi

Pakkeforløp kreft, vert rapportert kvart kvartal:

- Prostatakreft, viser 44% måloppnåing
- Brystkreft, viser 58 % måloppnåing
- Lungekreft, viser 62 % måloppnåing

Styret kommenterte at vi har smådriftsulemper, som i mange samanhengar kan vere smådriftsfordeler. Det er forventa at vi skal klare krava i pakkeforløpa.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Overordna pasientflyt per september viser:

Nytilviste 6 078	Totaltø 54 266	Avslutta 5 577
------------------	----------------	----------------

Resultat i perioden er negativt med 1,4 millionar, som er 4,2 millionar bak budsjett.

Meirforbruk varekostnader er knytta til H-resept, kreftmedikament og medisinsk heimebehandling.

Personalkostnader viser 10,6 millionar i meirforbruk i september.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per september 2021 til vitende.

Sak 059/2021 Risikostyring – rapportering 2. tertial

Oppsummering:

Helse Vest har valt ut fem område som skal ha fokus i risikostyringsarbeidet dei neste åra

- Legemiddelområdet
- Vald og trugsmål mot medarbeidarar
- IKT og informasjonssikkerheit
- Ekstern turnover
- Uønskt variasjon

Helse Førde har risikoeigarar og risikoansvarlege for kvart område, og lokale arbeidsgrupper. Arbeidet skal koordinerast regionalt, og det har til ei viss grad vore nødvendig å justere farten i det lokale arbeidet etter kor langt det har kome regionalt.

Adm. direktør Varden innleia om risikostyring. Kst. fagdirektør Kjølraug orientert om: Risikostyring – legemiddelområdet – føringar frå Helse Vest

Styret ønskjer å få presentert andre risikoområder ved seinare styremøte.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orientering om arbeidet med risikostyring i Helse Førde andre tertial 2021 til vitende.

Sak 060/2021 Internrevisjon av økonomistyring i byggeprosjekt – rapport og handlingsplan

Oppsummering:

Internrevisjonen i Helse Vest har med bistand frå Deloitte, gjennomført ein internrevisjon av økonomistyring i byggeprosjekt. Formålet med revisjonen er å undersøkje om helseføretaka i Helse Vest på forsvarleg og tilfredsstillande vis vurderer og handterer økonomisk risiko i byggeprosjekt som er i gjennomføringsfasen, slik at prosjekta vert gjennomførte i samsvar med dei gitte rammene, og evaluere kva læringspunkt ein kan hente til framtidige byggeprosjekt i Helse Vest.

Totalvurderinga i rapporten er at helseføretaka i hovudsak følgjer opp økonomisk risiko i prosjekta på tilfredsstillande vis.

For Helse Førde er det i rapporten identifisert tre forbetningsområde:

- Prosedyrar og retningslinjer for økonomioppfølging
- Systematiske analyser av risiko og usikkerheit
- Vurdering av bemanning i prosjektet gjennom løpande risikovurderingar

Administrerande direktør tilrår ein handlingsplan i høve dei tre forbetningspunkta, og status handlingsplan blir rapport til styret i samband med tertialrapportering for Nye Førde sjukehus.

Internrevisor Totland orienterte om økonomistyring i byggeprosjekt

- *Formål og problemstillingar*
- *Revisjonsfunn og vurderingar – Helse Vest RHF*
- *Revisjonsfunn og vurderingar – helseføretaka*
- *Hovudkonklusjon*

Adm. direktør Varden orienterte om:

- Felles revisjon for alle store byggeprosjekt i Helse Vest
- Vi har innført vekentleg møte i Helse Førde, dette for å sikre status
- Små føretak har sine fordeler og ulemper. Vi har løpande vurdering av bemanning

Styret kommenterte at rapporten gjev gode anbefalingar for område Helse Førde vil ha merksemd på.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek internrevisjonsrapporten til vitende og sluttar seg til handlingsplanen.
2. Administrerande direktør skal rapportere status på handlingsplan i samband med tertialrapportering på Nye Førde sjukehus.

Sak 061/2021 Internrevisjon av tvangsbruk i psykisk helsevern – rapport og handlingsplan

Oppsummering:

Internrevisjonen i Helse Vest har, på vegner av revisjonsutvalet i Helse Vest RHF, gjennomført ei undersøking av tvangsbruk i psykisk helsevern i dei fire føretaka i området til Helse Vest RHF. Føremålet med revisjonen er å undersøkje om Helse Vest RHF og føretaka har gode prosessar som sikrar at bruken av tvang er i samsvar med regelverk, samt eksterne og interne retningsliner.

Når det gjeld bruk av tvangsmiddel, har Helse Førde i åra 2017-2019 hatt fallande del pasientar som har vedtak om bruk av tvangsmiddel. I 2020 var det sterk auke i registrerte vedtak om bruk av tvangsmiddel, der del pasientar steig frå 5,6 prosent i 2019 til 9,1 prosent i 2020, som er om lag på nivå med Helse Fonna. Det er særleg vedtak om kortvarig fasthalding som har hatt ein stor auke i registrerte vedtak, men òg andre tvangsmiddel har auka bruk. Auken i 2020 skuldast så langt vi kan sjå endring og avklaring av praksis knytt til kortvarig fasthalding, men det vil vere viktig å følgje praksis vidare for å sjå utviklinga.

Internrevisor Totland orienterte om tvangsbruk i psykisk helsevern:

- *Bakgrunn for revisjonsarbeidet*
- *Formål og problemstillingar*
- *Kort om funn: Tvangsinnleggingar og Bruk av tvangsmiddel*
- *Omfang av tvangsinnleggingar, viser lågast tvangsinnleggingar i Helse Førde samanlikna med dei andre føretaka*
- *Bruk av tvangsmiddel, viser auke i 2020 i Helse Førde*
- *Variasjon i kva type tvangsmiddel som blir mest nytta*
- *I 2020 var delen pasientar med tvangsmiddelvedtak høgare i Helse Førde enn i Helse Fonna*
- *Eksempel på endring i registreringspraksis gir utslag på statistikken*

- *Hovudkonklusjon*
- *Tilrådingar, fem til RHF-et og fem til føretaka*

Adm. direktør Varden orienterte om at rapporten syner at bruken av tvang og tvangsmiddel ikkje er redusert slik overordna styringssignal har gitt forventning om. Det er gjort godt arbeid knytt til betre registrering og rett bruk av tvang. Vi har forbetringspotensiale i forhold til rapportering.

Direktør Tvedt oppsummerte frå handlingsplanen:

- *Leiing og kultur – leiinga sin gjennomgang*
- *Samhandling med kommunar*
- *Bemanning og kompetanse*
- *Fysiske omgjevnader*
- *Rett praksis og registrering*
- *Statistikk og avvik*
- *Refleksjon og evaluering*
- *Oppfølging av pasient og pårørande*

Styret kommenterte på god gjennomgang av revisjonsrapport og konkret handlingsplan på eit område som er viktig å ha merksemd på framover.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Førde tek internrevisjon sin rapport– «Tvangsbruk i psykisk helsevern» til vitende.
2. Styret vedtek den framlagde handlingsplanen og ber om at administrerande direktør følgjer den opp.
3. Styret ber om at administrerande direktør tek med bruk av tvang i rapportering frå verksemda tertialvis.

Sak 062/2021 Orientering om høyringsinnspel til prehospital plan fase 3

Oppsummering:

Prehospital plan i Helse Førde omfattar tre fasar:

- Fase 1 (haust 2017): Etablere prosjekt, forankring internt og eksternt. Avklare prinsipp, premisser og rammevilkår. Forankring/ høyring
- Fase 2 (haust 2018-haust 2019): Detaljering av modellar
- Fase 3 (vår 2020-vår 2023): Implementering av vald modell

Tilrådingane i kortversjon:

- Lavik: Stasjonen og døgnbilen i Lavik vert oppretthalden. Ein av to døgnbilar i Fjaler vert redusert til ein dagbil.

- Ytre Bremanger: Ytre Bremanger skal primært dekkast av ny ambulansébåt i Florø og ambulansen i Svelgen. Endringane skal ikkje skje før ny ambulansébåt er på plass i mai 2022.
- Hornindal/Volda: Overføringa av Hornindal til Helse Møre og Romsdal gir så liten reduksjon i oppdrag, at det ikkje er grunnlag for endringar i ambulansetenesta i Nordfjord.

Det har kome inn om lag 40 høyringsinnspel til høyringsdokumentet Prehospital plan – fase 3. Dei fleste tilbakemeldingane har innvendingar knytt til dei strukturelle grepa som er gjort framlegg om i Ytre Bremanger. Det er og mottatt innvendingar på endringa i Fjaler og støtte til løysinga i Lavik.

Direktør Varden orienterte om høyringsinnspel til prehospital plan fase 3 og vidare arbeid fram til endeleg styrehandsaming i neste styremøte i november.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek innkomne høyringsinnspel til prehospital plan fase 3 til vitende.
2. Høyringsinnspela skal vere ein del av grunnlaget for sakshandsaming fram til endeleg tilråding.
3. Saka skal endeleg handsamast av styret i november 2021.

Sak 063/2021 Høyring – Oppfølging av forslaga frå Tvangslovutvalet

Oppsummering:

Helse- og omsorgsdepartementet tilrår å gjennomføre vesentlege delar at Tvangslovutvalet sine tilrådingar til ny tvangslov.

Det er eit omfattande høyringsnotat, og tiltaka har konsekvensar for tenestene både i spesialisthelsetenesta og kommunal helse- og omsorgsteneste. Lovendringa vil medføre vesentleg endring av praksis, og krevje mykje av spesialist- og kommunehelsetenesta. NOU 2019-14 og forslaga frå Tvangslovutvalet som Helse og omsorgsdepartementet no tilrår, er omstridde i fagmiljøa både nasjonalt og i Helse Førde.

Administrerande direktør har lagt mest vekt på å kommentere dei fem punkta der departementet ber om ytterlegare innspel knytt til forslaga.

Adm. direktør Varden orienterte om tillegg til høyringsuttalen med

- *Ny overskrift Opplæring*
- *Under overskrift «Tvangsmedisinering og reservasjon mot behandling med antipsykotiske legemiddel», med to nye kulepunkt*

Adm. direktør Varden bad om å få endre tilråding til:

Styret i Helse Førde tar høyringsuttalen til vitende.

Direktør Tvedt orienterte om høyringsvaret får Helse Førde, med tillegget basert på innspel frå fagmiljøa/klinikkråd Psykisk helsevern 28.10.2021.

Styret kommenterte at det er viktig at vi nyttar fagkompetansen i uttalen og reflekterer rundt alternativ til høyringsframlegg. Uttalen må vere balansert, og reflektere breidda i synspunkt i fagmiljøa våre.

Framlegg til vedtak:

Styret i Helse Førde godkjenner utkast til høyrings svar.

Endringsframlegg:

Styret i Helse Førde tar høyringsuttalen til vitende.

Votering:

Endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Førde tar høyringsuttalen til vitende.

Saker til orientering:

Sak 064/2021 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Prosjekt Nye Førde sjukehus er i god rute med å gjennomføre pågåande arbeid. Samarbeidet og dialogen med totalentreprenør Veidekke er god.

Helse Førde sin driftsorganisasjon bidreg godt slik at byggherreavklaringar for detaljprosjektering blir levert i rett tid.

Det samla risikobildet er redusert med fleira lukka risikoar når grunnarbeidet nærmar seg ferdigstilling. Den store risikoen i Nye Førde sjukehus er knytt på differanse mellom kostnadsutviklingsindeks for byggeprosjekt og deflator, men prognosar indikerer ei betring med ein korreksjon i marknaden for 2022.

Direktør Varden orienterte om Nye Førde sjukehus:

- *Brukarprosess, med opning av pilotrommet*
- *Overordna status i Nye Førde sjukehus*
- *Risiko og økonomi*

Alle delprosjekt skal innom styret før oppstart.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 065/2021 Budsjett 2022 - løypemelding

Adm. direktør Varden innleia om prosessen med budsjettet, førebels rammer, arbeid i klinikkane og føringar i budsjettprosessen. Tillitsvalde og verneombod skal vere med i prosessen. Investeringar – i forhold til økonomisk langtidsplan (ØLP) aukar resultatkravet med 26 millionar.

Økonomidirektør Helleseth orienterte om:

- Førebels ramme AD
- Realendringar – Gylne regel

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 066/2021 Eventuelt**Vedtak (samrøystes):**

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar**Følgjande skriv og melding var utsendt til styret :**

- Samhandlingsnytt september 2021
- Tilleggsdokument til styringsdokument 2021
- RHF-styresak 086/21 Høyring – Regional plan for habilitering og rehabilitering

Følgjande skriv og melding var lagt på bordet:

- Notat med tillegg til høyringsuttale, sak 063/2021

Ref. Berit Irene Haarklau
29.10.2021

Agnes Landstad	Styreleiar
----------------	------------

Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
----------------------	-----------

Aud Ingrid Espeland (sett)	Medlem
-------------------------------	--------

Reidar Sandal	Medlem
---------------	--------

Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
-----------------------	--------

Thomas Vingen Vedeld	Medlem
----------------------	--------

Ivar Eriksen (sett)	Medlem
------------------------	--------

Lena Thorsnes	Medlem
---------------	--------

Randi Aven	Medlem
------------	--------

Ole-Magnus Kapstad	Medlem
--------------------	--------

Kari Sunde Kvile	Medlem
------------------	--------